



Skipsreiar Sidsel og skippar Bjørn har hatt ein roleg pinseferie i Uskedalen.

Det har ikkje vore det store innrykket i båthamnane våre i pinsehelga, Verteni hamna til Uskedal Båtlag kan til dømes melda om 18 gjestebåtar sist natt. Men ein gjestebåt vil liggja her i 5 netter og den er spesiell: Grunsund er ein fiskebåt bygd i 1938 og ombord på den finn vi duoen Sidsel Thommesen og Bjørn Bakken frå Agdenes i Trøndelag. Dei har hatt ein herleg og avslappande pinseferie i Uskedalen

- Vi var her også 3 dagar i fjor, då vi traff ein ven frå Omvikdalen, fortel dei to som har ein mangfaldig yrkesbakgrunn men helst vil kalla seg miljøarbeidarar.

Hvis ein går inn på nettet under grontoghvitt.org får ein veta om noko av det dei driv med og som nærmast er landsomfattande. Dei disponerer to gamle båtar og 6 gardar med økologisk drift. frå Nord-Noreg til Finnskogen og det verkar som dei driv som 'sunnheitens apostlar'

Under overskrifta Grønt og Hvitt inviterer dei folk som vil ha hjelp til styrke og ro.. Ein kan også ta del i aktivitetar i fjell og mark og på kysten. Matlaging, utbetring av gamle hus og kampkunst er tre stikkord som illustrerer mangfaldet i tilbodet..

- Alt er lagt til rette for å gje glede og kraft, får vi veta.

Når det gjeld den 47 fot lange Grunsund er han i framifrå stand trass i sine mange år men

undervegs nordover langs kysten skal han pussast opp i nærleiken av Kristiansund. Den andre båten duoen disponerer heiter Sulingen og den såg dagens lys i 1959.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen